Imponerande 3.plass blant 100 konkurrentar

30.09.2018

Endå eit imponerande løp av Kristian Øvstebø.

Kristian Øvstebø imponerte nok ein gong i motbakkeløp då han deltok i Stoltzekleiven opp laurdag. Med den sterke tida 10:47 vart han nr.3 i sin klasse som til saman hadde 97 spreke, unge deltakarar. Med den tida var han berre 1:15 bak verdensstjerna Henrik Ingebrigtsen som også deltok i det harde motbakkeløpet i år.



Heilt oppe på 3.plass blant dei 97 i klassen hamna motbakketalentet frå Korsnes.

Kristian Øvstebø deltok i Stoltzen Opp for første gang, og han fortel på telefon at han er fornøgd med både tida og løpet ut frå at han var debutant. Han hadde heller ikkje hatt tid å gå gjennom løypa på førehand.
- Det er jo ei bra tid, men det er mange ting som tilseier at eg skal forbetra meg ein del til neste år. Då kjenner eg løypa, og i tillegg gjer den gode tida i år at eg kjem i betre startpulje. I år måtte eg passere mange i den relativt smale løypetrasèen, fortel han om løpet. Han legg til at løypa passa han godt. Den var veldig bratt, og stort sett heile løpet gjekk i trappetrinn.

-Det såg ut som du disponerte løpet bra, og verka pigg og fin då du kom mot mål?
-Ja, nett det var ikkje så bra, for eg burde tatt ut meir. Det blir betre til neste år når eg kjenner løypa. Neste år skal bli året! lovar motbakketalentet optimistisk. Han fortel og at det var vanskelege og sleipe forhold på grunn av regnet, men det var likt for alle.

Det er tydeleg at 14-årige Kristian Øvstebø har ambisjonar som motbakkeløpar og trivst godt med den løpsforma. Han har tidlegare i år delteke og imponert i Ulriken Opp, Kvasshovden Opp og Folgefonna Opp. Neste motbakkeløp som han har på programmet er Varden Opp på Sandvoll. Før det skal han delta i Kvinnherad-løpet. Der reknar han med å delta både i skuleløpet til veka og det ordinære løpet neste helg.

Stoltzekleiven Opp vart arrangert første gong i 1979, og er etter det blitt årvisst i september. Løypa er 910 meter med ein stigning på 36% og over 300 høgdemeter. Løypetrasèen går hovudsakleg i steintrapper med om lag 800 trappetrinn. Idrettslaget Varegg er arrangør, og med over 6200 deltakarar som starta med 10 sekunds mellomrom, var startstidspunkta til løparane fordelt over fredag og heile laurdag. Kristian starta lørdag kl.18:13. I tillegg til dei 6200 kjem deltakarane i skuleløpet tidlegare.

Kristian Øvstebø har planar om å delta i dei same løpa komande sesong. Før det satsar han på ein god treningsvinter. Det vert veldig kjekt å følgja utviklinga til dette målbevisste og sympatiske motbakketalentet.

Norske toppnamn som Torbjørn Ludvigsen og Eli Anne Dvergsdal og Karoline Holsen Kyte(delt 1.plass) gjekk heilt til topps i henholdsvis herre- og dameklassen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Privat
Skjermdump: Thor Inge Døssland